

Uskedalsfamilie i VG-oppslag om online-fella

10.07.2012

Ein Uskedalsfamilie på 5 advarar i eit heilsides oppslag i VG i dag mot for mykje surfing i ferien og får støtte frå professor-hald.

Avisa har intervjuet dei under ferieopphald på Larkollen ved Moss der dei har med seg eit nettbrett, to telefonar og to Nintendo DS.

Tore Musland, Anne Gethe Sjo og gutane Joachim og Filip er alle ivrige brukarar av moderne netthjelpe midlar

I reportasjen blir det opplyst at 80 prosent av oss nytta internett ein gjennomsnittsdag i 2005 medan andelen var 55 prosent 6 år tidlegare.

Psykologiprofessor Ingunn Hagen ved NTNU advarar mot at det å vera tilgjengeleg heile tida kan slita ein ut. Det kan bli vanskeleg å henta seg inn att.

Hagen peikar på skillet mellom jobb og privat som vert viska ut. Det blir vanskelegare å setta grenser når stadig meir går føre seg på dem same arenaen. Nøkkelen er å tillate seg sjølv å ha fri.

Tore Musland innrømmer at det idag er ytterst sjeldan at ein klarer å komma seg heilt fri frå jobben. Difor er det ekstra viktig med eit ordentleg pusterom.

Av Ola Matti Mathisen